



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 08.07.2014
Vår ref.: 2014/13973-2
Saksbehandlar: vigberg
Dykkar ref.:

Fråsegn kulturminne - Landbruksveg - Dalland gnr. 37 bnr. 8 - Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev av 19.03.14 med vedlegg. Vi seier oss leie for sein tilbakemelding i saka. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Dalland gnr. 37 bnr. 8 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka.

Hordaland fylkeskommune ber om at ein tar omsyn til eventuelle steingardar og andre kulturlandskapstrekk ved opparbeiding av vegen. Vi gjer merksam på dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd. Ei slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om funn.

David Aasen Sandved
fung. fylkeskonservator

Vigdis Berge
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.